

Uttale frå Landslaget for lokalaviser og Norsk Lokalradioforbund til

Høyring – ny forskrift om innovasjonstilskott til nyheits- og aktualitetsmedier

Dykkar ref: 22/4239



Landslaget for lokalaviser, LLA, er interesseorganisasjon for over 110 lokalaviser landet rundt. LLA arbeider med rammevilkår frå spørsmål knytt til ytringsfridom, til innsyn og pressestøtte. Dei siste åra har LLA satsa tungt på å hjelpe lokalavisene med digital satsing og innovasjon knytt til dette. LLA har og eit omfattande kompetansarbeid med drift av idébank, rådgjeving og har årleg over 500 lokalavismedaridarar på skreddarsydde faglege kurs og seminar. LLA har kontinuerleg tiltak for å hjelpe lokalavisene til å laga stadig betre og viktigare journalistikk i sine lokalsamfunn, som samarbeidsprosjektet «Den store folkevandringa» med over 700 saker publisert i ca. 70 lokalaviser.



Norsk Lokalradioforbund, NLR er interesseorganisasjonen for norske lokalradiostasjoner, med 130 små og store medlemmer som sender over hele Norge gjennom nær 300 konsesjoner, og har lytterdekning i de fleste norske kommuner. Vår viktigste oppgave er å arbeide for gode og stabile rammebetingelser for bransjen, som sikrer at den er sterk, varig og lønnsom. Lokalradioene er av ulik størrelse og opererer både i det ideelle og det kommersielle landskapet. Våre medlemmer er en viktig del av det norske mediemangfoldet, og bidrar til ytringsfrihet og demokrati.

Landslaget for lokalaviser, LLA, og Norsk Lokalradioforbund, NLR, sender her felles høyringsuttale om endringar i forskrift om innovasjons- og utviklingstilskudd til nyheits- og aktualitetsmedier. Vi ser det som viktig at forskriftene blir vurdert og tilpassa dei som har størst behov for å klare seg i konkurransen med andre media ikkje minst brukarane sine endra medievanar.

Høyringsnotatet og sjølve forslaget til nye forskrifter frå Kultur- og likestillingsdepartementet er eit godt grunnlag for ei framtidretta støtteordning, under føresetnad av at det følgjer med finansiering til forslaget om å ta inn nye mediegrupper i ordninga.

Vi vil få framheve at innovasjons- og utviklingsstøtta har vore og er viktig for lokale medier. Det er gjennomført mange viktige prosjekt som har bidratt til å løfte enkeltaviser, lokalradiostasjoner, grupper av lokale medier og ikkje minst gitt inspirasjon til fleire. Både LLA og NLR legg stor vekt på å vise fram gode prosjekt slik at kunnskap og erfaringar kjem fram til alle aktuelle redaksjonar og slik gir ringverknader.

Små lokalmedier seier at innovasjons- og utviklingsstøtta har gitt dei eit løft i den digitale journalistikken som har vore avgjerande for ei positiv utvikling; for enkelte for sjølve overlevingsevna.

Både LLA og NLR har fått støtte til fællesprosjekt som har bidratt positivt for den lokale avis- og radiobransjen. Felles for desse er at dei har bidratt til å starte digital utvikling og samordne omfattande journalistiske samarbeidsprosjekt som har gitt redaksjonelt løft for svært mange.

LLA og NLR tydelege merknader og konkrete forslag til å gjere forskriftene endå betre og meir målretta.

Hovedpunkt frå LLA og NLA

- ◆ LLA og NLA meiner at innovasjonsstøtta først og fremst må rettast mot dei mindre redaksjonane, og tiltak for å hjelpe desse mediene i den digitale omstillinga. Dei mange små lokalavisene og lokalradioane treng ressursar både økonomisk og ved kompetanse for å gjennomføre heilt nødvendig digital utvikling. Økonomiske rapportar frå Medietilsynet viser at desse mediene samla sett har urovekkande svak økonomisk utvikling. Mange av dei ligg etter i den digitale digital omstillinga. Fleire av dei små redaksjonane har hatt vanskar med å reise naudsynt eigendel i finansieringa og har difor heller ikkje søkt om støtte. Det er difor særst positivt at det nå er foreslått at støtta til prosjekt som rettar seg mot små, lokale nyheits- og aktualitetsmedier kan utgjere inntil 75 prosent av prosjektkostnadane, mot tidlegare 50 prosent. Dette håpar vi vil medføra at dei som treng denne støtta aller mest vil søke støtte.
- ◆ LLA og NLA påpeike at definisjonen av kva som er innovasjon ikkje er objektiv. Vi ser det som viktig at forskriftene, og ikkje minst forvaltninga av desse tar høgde for at kva som kan reknast som innovasjon er vidt forskjellig mellom dei store mediehusa som er komen lengst i utviklinga og mange av dei små mediene som er komen kort. Innovasjons- og utviklingsstøtta må prioritere hjelp til å løfte dei som er komen kort, gjerne gjennom fellestiltak for mange medier, samarbeidsprosjekt mellom fleire medier, men og støtte til behov hos enkeltmedier.
- ◆ Under føresetnad av ei eiga ramme og friske midlar har ikkje LLA og NLR noko imot at virkeområde for støtteordninga blir utvida slik at fleire fagmedier kan motta tilskott. Vi støttar at støtteordninga kan inkludere nyheit- og aktualitetsmedier som inneheld eit breidt tilbod om av nyheits-, aktualitets- og debattstoff om politikk, økonomi eller samfunnsliv.

Når dei små lokalmediene nå kan få større del av prosjekta finansiert; er det grunn til å tru at terskelen for å søke støtte vil bli lågare og at fleire vil nytte seg av ordninga. Det vil då vere svært uheldig om ei utviding av ordninga til å omfatte fagmedier skal gå ut over at nettopp dei svakaste lokalmediene nå kan få eit nødvendig løft.

Vi anerkjenner at alle medier som kan bidra til mediemangfald er viktige og treng gode rammevilkår. Men vi vil understreke at dei lokale breiddemediene er sjølve grunnfjellet i mediemangfaldet, og heilt avgjerande for demokrati og samfunnsliv i sine lokalsamfunn. Desse må prioriterast, med lokalradioane som og har sårbar økonomi og treng støtte til å utvikle sitt redaksjonelle tilbod til publikum.

Vi meiner difor at utvidinga av verkeområde må gjerast gjennom ei eiga budsjettramme for fagmedier.

Dersom verkeområdet blir utvida med fagmedier utan å utvida ramma i statsbudsjettet er det stor sjanse for at ordninga blir utvatna og at oppnåinga av målet om å fremje mediemangfald blir svekka i staden for å bli styrka.

LLA og NLAs vurdering av dei enkelte paragrafar

Forslaget tar utgangspunkt i forskrift av 26.juni 2018 om innovasjonstilskudd, og inneheld forslag til endringar i § 2. Generelle vilkår og § 6. Tilskuddets størrelse. Vi foreslår i tillegg at det blir gjort presisering i § 1. Formål og § 3. Vilkår knyttet til prosjekter.

[Blå skrift markerer synspunkt \(i kursiv\) eller forslag frå LLA/NLA til tekst \(understreket\) i paragraf.](#)

§1 Formål

«Tilskuddsordningen skal særleg fremme redaksjonell, innholdsrettet innovasjon og utvikling hos nyhets- og aktualitetsmedier.

Ordningen skal særleg fremme redaksjonell, innholdsrettet innovasjon og utvikling i små, lokale nyhets- og aktualitetsmedier.»

LLA og NLR ser Formuleringane i føremålsparagrafen § 1. Formål som gode.

men at paragrafen kan forenklast og gjerast endå meir tydeleg når det gjeld prioritert målgruppe. Sidan ordninga har sitt opphav i eit behov for hjelp til innovasjon hos små lokale nyhets- og aktualitetsmedier, er det særst viktig at det er så tydeleg i formålsparagrafen at desse mediene skal prioriterast. Vi foreslår at heile paragraf 1 bør formulerast slik:

Tilskuddsordningen skal særleg fremme redaksjonell, innholdsrettet innovasjon og utvikling i små, lokale nyhets- og aktualitetsmedier.

§ 2 Generelle vilkår

LLA og NLR synest endringsforslaget i denne paragrafen går for langt i å omfatte smale medier. Det må vere eit krav at det ikkje er tilstrekkeleg med berre eitt fagområde utan at dette blir knytt opp mot debatt og politikk i mediet. Vi foreslår litt justering under pkt. b.

Vi er og skeptisk til om det er rett å ta bort følgjande frå opphavleg paragraf:stoff vinklet ut fra en spesiell faglig, politisk, ideologisk, religiøs eller etnisk bakgrunn.

Vi meiner at det bør vere ei avgrensing mot gratispublikasjoner. I ei tid der dei fleste medier; og kanskje spesielt små lokalmedier er heilt avhengig av brukarbetaling for å finansiere journalistikken bør statlege støtteordningar bygge opp om dette.

Det å sjølvstøtt gjerast unnatak for lokalradio som har heilt anna organisering ikkje har mulegheit til finansiering gjennom brukarinntekter.

«Det kan gis tilskudd etter denne forskriften til nyhets- og aktualitetsmedier som:

- a) Har som hovedmål å drive journalistisk produksjon og formidling av nyheter, aktualitetsstoff og samfunnsdebatt til allmennheten. Tilskudd gis ikke til medium som har som hovedmål å drive med reklame eller markedsføring. Tilskudd gis heller ikke til medium som hovedsakelig er rettet mot medlemmer eller ansatte i bestemte organisasjoner, foreninger eller selskap.

Forslag om ny bokstav b som ved å tas inn vil endra bokstavar vidare:

- b) Tilskudd gis ikke til gratispublikasjoner, utenom lokalradio

- c) (før b). «inneholder et bredt tilbud av nyhets- og aktualitets- og debattstoff fra ulike samfunnsområder, *eller som inneholder et bredt tilbud av nyhets- og aktualitets- og debattstoff om politikk, økonomi eller samfunnsliv.* Tilskudd gis ikke til medium som inneholder en overvekt av annonser.

Vi foreslår at det i teksten (i kursiv) blir endra frå eller til og samfunnsliv slik:

... eller som inneholder et bredt tilbud av nyhets- og aktualitets- og debattstoff om politikk, økonomi og samfunnsliv.

Vi ber og om at det vurderes å ta inn igjen deler av tidligere tekst, slik:

Tilskudd gis heller ikke til medier som utelukkende inneholder stoff vinklet ut fra en spesiell faglig, politisk, ideologisk, religiøs eller etnisk bakgrunn.

- d) d (før c). har en ansvarlig redaktør med status som svarer til bestemmelsene i Redaktørplakaten.»

LLA og NLR meiner at samarbeid mellom medier, på tvers av eigarskap og andre skilnader er viktig for å oppnå mest muleg innovasjon. Vi foreslår difor å endre denne forskriftsteksten «Flere nyhets- og aktualitetsmedier kan søke sammen om tilskudd til fellesprosjekter» til:

[Felles- eller samarbeidsprosjekt for en gruppe nyhets- og aktualitetsmedier på tvers av eierskap vil prioriteres.](#)

«Søker kan samarbeide med aktører utenfor bransjen for å realisere prosjektet.»

§ 3. Villkår knyttet til prosjekter

I denne paragrafen bør det kome fram at definisjonen på innovasjon er forskjellig alt etter utgangspunkt i det enkelte medium. Spesielt ved prosjekt i mindre lokalmedier må det vere eit skjønnslik at målet må vere at prosjektet gir innovasjon for mediet som er søkjar.

«Tilskudd etter denne forskriften kan gis til innovasjons- og utviklingsprosjekter som:

- a. Utvikler redaksjonelt innhold, eller
- b. Utvikler eller implementerer nye løysningar for produksjon, publisering, spredning eller konsum av redaksjonelt innhold.

Tillegg:

- c. [For mindre lokale medier er det et kriterie at omsøkt prosjekt gir innovasjon og utvikling for medie som søker om støtte.](#)

§ 6. Tilskuddets størrelse

Her bør det gå fram at dersom ordninga blir utvida med å ta med fagpresse bør dette gjerast gjennom ei eiga ramme for denne gruppa. Kor stor samla ramme skal vere bør og knytast opp mot kva som trengst for å nå målet med ordninga.

«Tilskuddet fastsettes etter en skjønnsmessig vurdering av hva som er rimelig bidrag fra statens side.»

Forslag om tekst i tillegg: [... for å oppnå formålet med tilskuddsordningen.](#)

Vidare tillegg slik:

[Ved effektivering av utvidet virkeområde for ordningen skal nye mediegrupper få tildeling fra egen ramme skilt fra de medier som er kvalifisert for støtte fra ordningen per i dag.](#)

LLA og NLR ser forslaget om endring av støtteintensitet for dei minste mediene som særst viktig ved at det blir gjort lettare å reise kravet til eigenandel for dei minste mediene.

«For prosjekter som retter seg mot små, lokale nyhets- og aktualitetsmedier kan offentlig støtte utgjøre inntil 75 prosent av prosjektkostnader.»

Her bør det presiserast at samiske aviser naturleg kjem under dette med eit slikt tillegg:

[Tilsvarende gjelder for samiske medier.](#)

§ 4. Krav til søknad, § 5. Saksbehandling, §7. Fagutvalg, § 8. Kunngjøring, § 9. Rapportering, § 10. Tilbakebetaling og § 11. Ikrafttredelse

LLA og NLR har ingen forslag til endring i teksten i desse paragrafane, men vil få merke at formalitetar og prosess rundt søknad og rapportering må vere så enkelt og tydeleg som mogleg. Dette er viktig for å nå den prioriterte målgruppa, små lokale nyhets- og aktualitetsmedier.

Husnes/Kristiansand 19. oktober 2022

Landslaget for lokalaviser
Tomas Bruvik
Generalsekretær

Norsk Lokalradioforbund
Pål Lomeland
Daglig leder

Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og i alle delar av samfunnet og som er med på å skape eit gjennomsiktleig samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitre. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.